

# NY RETTSKRIVING FOR 2000-TALET

---

SAKSPAPIR TIL MØTE I RETTSKRIVINGSNEMNDA 11.–12. OKTOBER 2010

## Framlegg til sakliste med tidsplan

Lunsj (12.00–12.30)

1. Godkjenning av innkalling, referat, sakliste og tidsplan
2. Sidan sist (12.35–13.00)
3. Aktuelle oppgaver (13.00–13.15)
  - a. Innlegg til *riss* (frist 1.11.)
  - b. 4500 ord til BT (frist 1.11.)
  - c. Andre
4. Høyringsmøte 21. februar 2011 (13.15–13.45)

Pause

5. Formverket – meir om verb
  - Infinitivsendinga
  - Verb med e- og a-bøying
  - Verb med preteritum på -de og -te
  - Samsvarbøying av perfektum partisipp i predikativ stilling
  - [-d]-bortfall i supinum og i inkjekjønnsforma av perfektum partisipp
  - Samsvarbøying av svake partisipp av sterke verb
  - Bøying av nokre enkeltverb
6. Formverket – meir om substantiv
  - Kjønn på nokre substantiv
  - *-ing/-ning*
  - Substantiv med nesten lik form, med ulikt kjønn
  - Substantiv på *-sel/-sle*
  - Substantiv på *-0/-er*
  - Substantiv på *-vere/-vær*
7. Formverket – adjektiv og adverb
  - Suffiks i adjektiv og adverb
8. Lydverket – noko etterrakst
  - Adjektiv med og utan binde-e
  - Einskildord som bør vurderast
  - Substantiv med to valfrie former

Orienteringssaker:

- Liste over substantiv med valfri utgang på -e
- Folkenamn

## 1 GODKJENNING AV INNKALLING, REFERAT, SAKLISTE OG TIDSPLAN

---

Møtet var fastsett i møteplanen vår. Førstebels innkalling vart send ut 4. oktober.

Første del av sakspapira (preteritum av j- og e-verb) vart send ut til nemnda 2. oktober.

Andre del (substantiv på -ing/-ning) vart send ut 4. oktober.

Samla sakspapir vart sende ut 6. oktober.

Referatet frå sist møte vart lagt ut i arbeidsrommet eit par dagar etter møtet og godkjent via e-post. Deretter vart det lagt ut på nettsida vår.

Framlegg til sakliste står på fyrste sida i sakspapirheftet.

### Møte:

Sidan sist me var samla, har Grete Riise og Aud Søyland hatt møte med Språkkonsulentene AS og med Universitetet i Bergen. Grete Riise har dessutan hatt møte med Bergens Tidende. Alle referat ligg i arbeidsrommet.

Fredag 15.10. skal Grete Riise og Aud Søyland ha møte med tekstekontoret i NRK, og med omsetjar Tove Bakke.

### Innlegg:

På Nynorsk 201 har nemnda lagt ut to innlegg; eitt om kløyvd infinitiv, og eitt om *de/dykk*. Det har ført til ein del nye innlegg.

Alle i nemnda bør få høve til å godkjenna innlegg som skal leggjast ut på Nynorsk 2011 i namnet til nemnda, og derfor bør det setjast ein frist for tilbakemelding når eit innlegg blir sendt ut til nemnda på e-post.

### 3 AKTUELLE OPPGÅVER

---

- 1) Bergens Tidende har bedd om eit innlegg frå nemnda, med frist 1. november.

Kven skriv?

- 2) Studentbladet *riss* ved Institutt for nordistikk og litteraturvitskap ved NTNU i Trondheim ber òg om eit innlegg, og skriv i e-post:

"*riss* er namnet på eit tidsskrift som vert gjeve ut av studentar ved Institutt for nordistikk og litteraturvitskap ved NTNU. I haust skal me sleppa eit nummer av bladet som har fått namnet "Utopi". Difor er me no ute i Noreg og leitar etter tekst som har med det temaet å gjera. Som til dømes arbeidet med å normera nynorsken. For det verkar jo ganske umogeleg å gjera alle til lags i dag, etter alle dei normeringskrumspringa utover førre hundreår. Kanskje ein utopi. Eller er det mogeleg? Eller, er det i ynskjeleg i det heile?

Me lurar på om det er nokon i nemnda som kunne tenkja seg å skriva litt om det å skulla normera eit skriftspråk som nynorsk. Kvar tek ein tak? Kven tek ein omsyn til? Kva tenkjer ein når ein legg seg om kvelden etter at ein har vedteke at *bølgje* og *følgje* skal kunna skrivast både med og utan j?"

Kven skriv?

#### 4 HØYRINGSMØTET 21. FEBRUAR

---

Det er for lenge sidan bestemt at me skal halda høyringsmøte 21. februar 2011. Rammene bør planleggjast i god tid, dvs. no. Me drøftar her:

- a. Invitasjon
- b. Tidsramme 10.00–15.30
- c. Møteleiar
- d. Program
  - Opning
  - Språkdirektøren ynskjer velkomen og presenterer oppdraget.
  - Leiaren i rettskrivingsnemnda svarer på oppdraget og presenterer hovudtrekka i framlegget.
  - Konkrete spørsmål til nemnda (fordeling av svar)
  - Lunsj
  - Fritt fram for reaksjonar og innlegg
  - Kort oppsummering og avslutning

---

## 5 FORMVERKET – MEIR OM VERB

---

### Bakgrunnsstoff som nemnda må lesa:

*Nynorskrettskrivinga* (Nyn) s. 232–237 (2000-forslaga)

*Nynorskrettskrivinga* (Nyn) s. 83–87, 98–109, 214–220 (2002-forslaga)

### Litteratur som er brukt i arbeidet:

*Nynorskordboka*, 4. utgåve 2006 (NOB)

*Norsk Ordbok* (NO)

Hellevik, Alf: *Nynorsk ordliste*. 10. utgåve 2008

Hjulstad, Håvard: *Nynorsk baklengsordliste*. Utrykt manus 3.10.1980

Rommetveit, Magne: *Med andre ord*, 3. utgåve 2007

Skjekkeland, Martin: *Dei norske dialektane*. Høyskoleforlaget 1997

Det nynorske tekstkorpuset (Dnt)

Metaordboka

I førre møte gjorde me ein del vedtak som gjeld verbbøying, jf. referatet og "Oversyn og førebels vedtak". Saka om infinitivsendinga vart utsett fordi me ville be om innspel på Nynorsk 2011.

Desse emna er omtala her:

- Infinitivsendinga
- Verb med e- og a-bøying
- Verb med preteritum på -de og -te
- Samsvarbøying av perfektum partisipp i predikativ stilling
- [-d]-bortfall i supinum og i inkjekjønnsforma av perfektum partisipp
- Samsvarbøying av svake partisipp av sterke verb
- Bøying av nokre enkeltverb

---

## INFINITIVSENDINGA

---

(Same saksutgreiing som sist)

Som det går fram av *Nynorskrettskrivinga* s. 83–87, har a- og e-infinitiv vore hovudformer sidan 1959, mens kløyvd infinitiv har vore klammeform.

Infinitivsendinga er kanskje det målmerket som i aller størst grad blir brukt for å signalisera geografisk tilhøyr. Svært mange skribentar bruker den infinitivsendinga som samsvarar med talemålet, sjølv om dei elles ikkje legg skriftmålet nær dialekten.

I nemnda er det allmenn semje om at me ikkje skal røra ved infinitivsendingane -a og -e. Spørsmålet som må drøftast, er om kløyvd infinitiv skal bli ståande.

### **Kløyvd infinitiv i tale**

Kløyvd infinitiv er ei overleving frå forhold i norrønt språk, og blir forklart med *jamveksregelen*. Den inneber at ord som i norrønt hadde lang rotstaving, etter kvart fekk trykklett ending (eller inga ending), mens endinga heldt seg i ord med stutt rotstaving. Ordet *skrifja* vart såleis til *skrive/skriv*, mens *lesa* vart til *lesa/læssa/låsså* o.a.

I dag er det berre i delar av Gudbrandsdalen dei kan skilja mellom stutt og lang rotstaving. Systemet med -e (eller 0) i historisk langstava ord og -a i historisk stuttstava ord har likevel halde seg utruleg godt i norsk talemål. Som målførekartet viser, har kløyvd infinitiv stor

utbreiing i talemålet (*Nynorskrettskrivinga* s. 84), og omfattar det aller meste av austnorsk talemål (dvs. austlandsk, midlandsk og trøndsk). Jamvekstformene (formene som får -a) er rettnok ikkje fordelte heilt likt i heile området. Verba i telja-klassen var opphavleg stuttstava, og skulle slik sett få -a, men har i dag -e i mange talemål.

### **Kløyvd infinitiv i skrift**

Kløyvd infinitiv kom inn i nynorsk då midlandsnormalen fekk ein slags klammeformstatus i 1901. Sidan den tid har kløyvd infinitiv vore med i nynorsknormalen, men har det meste av tida hatt klammeformstatus. Frå 1938 til 1959 var kløyvd infinitiv hovudform ved sida av a-infinitiv.

I nynorsk ordliste er det sagt i innleiinga til lista over ord som kan få -a: "Målføra med kløyvd infinitiv følgjer litt ulike reglar når det gjeld kva verb som får endinga -a. Kvar enkelt kan følgje målføret sitt i skrift." Til dømes Tarjei Vesaas brukte kløyvd infinitiv, men han hadde -e i telja-klassen, i samsvar med vesttelemålet.

Kløyvd infinitiv har som sagt halde seg overraskande godt i talemålet, når ein veit at dei fleste ikkje lenger har skiljet mellom langstava og stuttstava rotstavingar i talemålet. Det blir òg brukt ein god del i skrift lokalt i dei områda av austnorsk som har nynorsk som skriftmål. Noko av grunnen til at kløyvd infinitiv ikkje er så synleg i samfunnet, er at bokmål er det dominerande skriftmålet i storparten av det austnorske området. Sjølv om kløyvd infinitiv var sideform også i bokmål frå 1938 til 2005, har systemet vore svært sjeldsynt i bokmålstekstar. Ernst Håkon Jahr gir eit historisk oversyn i ein artikkel som ligg i arbeidsrommet og på nettsida til nemnda. Han viser òg til at han har funne mykje infinitivsformer på -a gjennom Google-søk, og meiner at saga om kløyvd infinitiv i skrift kanskje ikkje er over enno.

Ingunn Ims har skrive hovudoppgåve om norske avisers språknormative prinsipp og praksis. Nynorskavisene seier at dei vil leggja skriftspråket i avisene opp mot talemålet på staden, men det er ikkje alltid samsvar mellom skriftpraksis og det eigentlege talemålet, er hennar konklusjon. Mitt inntrykk er likevel at kløyvd infinitiv er eit av dei talemålsdraga som slår gjennom i nynorske lokalaviser i det austnorske området. Til dømes Avisa Valdres har kløyvd infinitiv i husnorma si, men Hallingdølen har ikkje det. Dei journalistane som meistrar kløyvd infinitiv, bruker likevel det.

### **Kløyvd infinitiv i den framtidige norma**

Kløyvd infinitiv har stadig eit godt talemålsgrunnlag, og eit visst grunnlag i skrift i dei austnorske områda som bruker nynorsk. Også for nynorskbrukarar frå austnorske område der bokmål dominerer, synest dette er å vera ein viktig identitetsmarkør. Døme er forfattarar som Halldis Moren Vesaas, Svein Erik Brodal og Sigmund Løvåsen.

Det er heller ikkje noko forstyrrende element for ein lesar som ikkje har kløyvd infinitiv, å lesa tekstar med kløyvd infinitiv. Slik praksisen er i nynorske skuleordlister, med å føra opp kløyvd infinitiv i ei liste for seg (med rettleiing om at ein kan følgja talemålet sitt), er systemet heller ikkje forstyrrende for ordlistebrukarar som ikkje bruker kløyvd infinitiv.

Det er kanskje med kløyvd infinitiv som med *j* etter *k* og *g* og med samsvarbøying, at systema er på veg ut av norske talemål. Men det er enno mange som meistrar desse systema, og bruker dei som del av sin naturlege nynorsk, og derfor er ikkje tida inne for å ta dei ut enno.

### Framlegg til førebels vedtak om infinitivsendinga i nynorsk:

Innanfor nynorskrettskrivinga skal ein kunna bruka a-infinitiv, e-infinitiv eller kløyvd infinitiv. Bruker ein kløyvd infinitiv, kan endinga -a brukast i dei verba som er markerte eller lista opp spesielt i ordlistene, eller ein kan følgja dialekten sin.

Nemnda har tidlegare bestemt seg for å ikkje gå djupt inn i problematikken med substantiv som har to valfrie bøyingar, men la det stort sett vera som i dag. Heller ikkje verb som har to alternative bøyingar, bør mista denne valfridommen dersom det er godt talemålsgrunnlag for å behalda han. Det gjeld fyrst og fremst verba som kan vera både e- og a-verb. For språkbrukarar flest fører det berre til at dei må pugga bøyingsmønsteret for kvart enkelt ord, og det er neppe i samsvar med målsetjinga om å gjera "det lettare å vera nynorskbrukar".

Ei anna problemstilling ved desse verba er "blanda bøying", det vil seia at ein bøyer verbet som a-verb i presens og som e-verb i preteritum. Blanda bøying er heilt vanleg i mange dialektar, og *Nynorskrettskrivinga* s. 98–101 viser korleis denne problemstillinga har vore handtert gjennom forskjellige rettskrivingsreformer. Sidan 1959 har det vore eit krav innanfor læreboknormalen å bruka anten a-bøying eller e-bøying innanfor eitt og same verb. Blanda bøying har vore tillaten i elevarbeid.

I 2002 lydte framlegget slik:

*I verb som ein fører opp med både a- og e-bøying i ordlistene, treng ein ikkje konsekvent halda seg til den eine eller andre bøyingsmåten i alle bøyingsformene av same verbet.*

Sjølv om blanda bøying har vore "degradert" i femti år, står ho framleis sterkt i nynorsk skriftpraksis. Folk følgjer i stor grad talemålet og skriv til dømes "brukar – brukte", trass i at lærebøkene har følgd læreboknormalen og skrive "bruker – brukte" eller "brukar – bruka".

### Framlegg til førebels vedtak om e- og a-bøying:

I verb som etter rettskrivinga har både a- og e-bøying, kan ein nytta såkalla "blanda bøying". Det vil seia at desse verba kan få *-ar* i presens og *-de* eller *-te* i preteritum.



---

**VERB MED PRETERITUM PÅ -DE ELLER -TE**

---

Dei fleste verba med *e*-bøying og stammeutgang på *-l*, *-ld*, *-m*, *-n(n)*, *-nd*, *-ng*, *-r* og *-rd* har i dag valfridom mellom *-de* og *-te*, men dei to endingane er i nokre tilfelle jamstelte, i andre tilfelle er *[-te]* klammeform. *Nynorskrettskrivinga* omtalar emnet s. 101–106.

Konsonanten over kvar rubrikk i oversikta nedanfor står for stammeutgangen:

	<b>l</b>	<b>ld</b>	<b>m</b>	<b>n</b>
<i>-de [-te]</i>	<i>siglde [siglte]</i> <i>neglde [neglte]</i> <i>dvalde [dvalte]</i> <i>dulde [dulte]</i>	<i>melde [meldte]</i> <i>eldest [eldtest]</i> <i>mylde [mylte]</i> <i>sælde [sælte]</i>	<i>drøymde [drøymte]</i> <i>dømde [dømte]</i> <i>fløynde [fløynte]</i> <i>gløynde [gløynte]</i>	<i>kjende [kjente]</i> <i>dunde [dunte]</i> <i>runde [runte]</i> <i>skrunde [skrunte]</i>
<i>-de/-te</i>	<i>tolde/tolte</i>		<i>limde/limte</i> <i>bestemde/bestemte</i>	
<i>-te [-te]</i>	<i>kvilte</i>		<i>[drømte]</i> <i>[flømte]</i> <i>[gjømte]</i> <i>[strømte]</i>	<i>meinte</i> <i>synte</i>

	<b>nd</b>	<b>-ng-</b>	<b>r</b>	<b>rd</b>
<i>-de [-(d)te]</i>	<i>hende [hendte]</i>	<i>ringde [ringte]</i> <i>blengde [blengte]</i> <i>dengde [dengte]</i> <i>fengde [fengte]</i>	<i>torde [torte]</i> <i>hørde [hørte]</i> <i>kørde [kørte]</i> <i>barde [barte]</i>	<i>gyrde [gyrdte]</i> <i>herde [herdte]</i> <i>vørde [vørde]</i>
<i>-de/-te</i>			<i>firde/firte</i> <i>flirde/flirte</i> <i>førde/førte</i> <i>hørde/hørte</i>	
<i>-te</i>			Alle verb på <i>-ere</i>	

Fram til 1987 var reglane i hovudsak slik:

- J-verb hadde endinga *-de* i preteritum.
- E-verb med stammeutgang på *-g*, *-d*, *-v* eller *-m* (konsonantane i GOD VOM) fekk endinga *-de* i preteritum.
- E-verb med stammeutgang på *-f*, *-l*, *-k*, *-p*, *-n*, *-s*, *-t* eller *-r* (konsonantane i FOLKEPENSJONISTAR) fekk endinga *-te* i preteritum. (Nokre ord på *-n* hadde *-de*.)

Klammeforma *[-te]* hadde rett nok kome inn alt i 1959 i mange av dei verba som hadde *-de* som hovudform:

- E-verb med stammeutgang på *-ng* hadde klammeforma *[-te]*: [*hengte*].
- E-verb med stammeutgang på *-ld* hadde klammeforma *[-te]*: [*meldte*].
- E-verb med stammeutgang på *-m* (bortsett frå dei på *-øym-*) hadde klammeforma *[-te]*: [*stemte*].

Nokre andre unntak var det òg:

- *Høyra*, *køyra* og *tora* hadde berre *-de*.

- *Bestemma* og *lima* hadde berre *-te*.
- Nokre verba med stammeutgang på *-gn, -mn, -nn, -øyn* hadde *-de [-te]* i preteritum: *kjende [kjente], løynde [løynte]*.

På rådsmøtet i januar 1987 gjorde Språkrådet vedtak om å tillata klammeforma *[-te]* i j-verb, og i dei fleste e-verb som ikkje alt hadde det frå før. Det vart godkjent av departementet same år.

Nokre sentrale verb følgjer ikkje hovudmønsteret for si gruppe:

- *gjera – gjorde*
- *tora – torde [torte]* (før berre *-de*)
- *tola – tolde* el. *tolte* (før berre *-te*)

*Gjera* bør gå som før, men dei to andre har eg teke med i vurderinga nedanfor.

### Vurdering

Då klammeformene med *[-te]* fyrste gongen kom inn i nynorsk, dvs. med 1959-rettskrivinga, var det både som tilnæringsformer og på grunn av ei dialektutvikling som var i gang alt den gongen. Det er viktig å hugsa på at Språknemnda den gongen hadde systemet med hovudformer og sideformer å spela på. Med det kunne Språknemnda forma "midtlinjenorma", dvs. lærebokspråket og statsspråket, samtidig med at ho tok omsyn til språkbrukarar som skreiv meir ut frå talemålet sitt.

Spørsmålet er om det har vore nokon pedagogisk lette å få lov til å skriva formene med *[-te]*. Bøyinga av j- og e-verb har iallfall vorte svært uoversiktleg, og mange lærarar har tykt det var vanskeleg å retta etter det, fordi dei stadig må slå opp former som er uvande for dei. Truleg har elevane kunna skriva meir som dei vil, fordi verken elevane eller lærarane orkar slå opp så mykje.

Dei formene rettskrivingsnemnda vel no, skal kunna stå i både lærebøker og statsspråk. Det har tidlegare vore uttrykt uro for at dei formene som fell saman med bokmål, blir dei som slår gjennom i framtidige digitale omsetjingar. Når me no skal finna fram til den slitesterke midtlinjenynorsken, synest det fornuftig å velja dei formene som har prega nynorsk sakprosa fram til i dag. På dette området går det òg an å læra nokre temmeleg eintydige reglar som kan brukast på store grupper av ord. Ei innstramming her er såleis mindre problematisk enn ei innstramming som gjeld skrivemåten av enkeltord, t.d. om ein innfører ei bøying for verb som i dag har valfri a- eller e-bøying.

Ei innstramming inneber at me går tilbake til det gamle systemet. I så fall blir hovudreglane slik:

1. J-verb skal ha endinga *-de* i preteritum.
2. E-verb med stammeutgang på g, d, v eller m (konsonantane i GOD VOM) får endinga *-de* i preteritum.
3. E-verb med stammeutgang på f, l, k, p, n, s, t eller r (konsonantane i FOLKEPENSJONISTAR) får endinga *-te* i preteritum.

Ulempa med desse tre reglane er:

- Språkbrukarane må greia kjenna att eit j-verb, dersom dei skal kunna følgja regel 1. Mange vil lett blanda dei saman med e-verb som har palatal skrivemåte, t.d. *søkja*.
- Ein del verb med stammeutgang på *-n* får i dag *-de [-te]* i preteritum. Dei bør få valfritt *-de* eller *-te* i den nye rettskrivinga.

- Ingen regel utan unntak; fire ord kan ikkje passast inn: *gjera – gjorde, høyra – høyrde, køyra – køyrde, tora – torde.*

Fordelen er:

- Reglane er få og gjeld store grupper av verb.
- Dei kan følgjast så å seia fullt ut, fordi det er berre få unntak.
- Dei sikrar at det ikkje blir eit press på dei tradisjonelle formene med *-de*, som truleg ville ryka ut i maskinelle omsetjingar.

### Konklusjon

Framlegget er at me går tilbake til den gamle regelen om fordeling av *-de* og *-te* i j-verb og e-verb, med nokre justeringar.

Nokre j-verb har fått ei parallell form som blir bøygd som e-verb, til dømes *drynja*, som har den parallelle forma *drønna*. Desse "nye" formene blir bøygde som e-verb.

Nokre j-verb blir dessutan oppfatta som e-verb av mange språkbrukarar, og får då *-er* i presens. Det gjeld til dømes *skylja*. Slike bør gå over frå j-verbgruppa til e-verbgruppa. Det har skjedd før, til dømes med verbet *flytta*, som opphavleg vart bøygd slik: *flytja – flyt – flutte – flutt*. Eventuelt kan verbet først opp med to separate oppføringar, som *drynja/drønna*.

E-verb med stammeutgang på *-l* får så å seia gjennomført stammeutgang på *-te*, men det er eit par unntak: *neglde [neglte]* og *seglde [seglte]*. Under e-verb med stammeutgang på *-n* er det nokre som får *-de [-te]* og mange som får *-te*, slik rettskrivinga er i dag. Framlegget går ut på at dei orda med stammeutgang på *-l* og *-n* som i dag får *-de [-te]*, får valfritt *-de* eller *-te* i den nye rettskrivinga. Hovuddelen av orda får *-te*, som før.

Oversikta nedanfor viser kva for følgjer framlegget har for j-verb og e-verba. Når det gjeld j-verba, er presensformene tekne med, slik at nemnda lettare kan vurdera kva for verb som er i ferd med å bli oppfatta som e-verb.

Under verb med stammeutgang på *-n* er alle verb tekne med, så langt det let seg gjera. Når nemnda får sett mange døme, blir det kanskje lettare å sjå om det går an å koma fram til ein regel for gruppa samla.

### Følgjer for j-verb:

Infinitiv	Presens	Preteritum i dag:	Framlegg i 2010:	Merknad
<b>-lj-</b>				
<i>dvelje</i>	<i>dvel</i>	<i>dvalde [dvalte]</i>	<i>dvalde</i>	<i>Dvele -te</i> er tillate som e-verb alt i dag.
<i>dølje</i>	<i>døl</i>	<i>dulde [dulte]</i>	<i>dulde</i>	
<i>fortelje</i>	<i>fortel</i>	<i>fortalde [fortalte]</i>	<i>fortalde</i>	
<i>hylje</i>	<i>hyl</i>	<i>hylde [hylte]</i>	<i>hylde</i>	
<i>kylje</i>	<i>kyl</i>	<i>kylde [kylte]</i>	<i>kylde</i>	
<i>mylje</i>	<i>myl</i>	<i>mulde [multe]</i>	<i>mulde</i>	
<i>selje</i>	<i>sel</i>	<i>selde [selte]</i>	<i>selde</i>	
<i>skilje</i>	<i>skil</i>	<i>skilde [skilte]</i>	<i>skilde</i>	
<i>skylje</i>	<i>skyl</i>	<i>skylde [skylte]</i>	<i>skylde</i>	Går over til å bli e-verb: <i>skyla – skyler –</i>

				<i>skylte</i> . Alternativt to oppføringar.
<i>telje</i>	<i>tel</i>	<i>talde [talte]</i>	<i>talde</i>	
<i>velje</i>	<i>vel</i>	<i>valde [valte]</i>	<i>valde</i>	
<i>ylje</i>	<i>yl</i>	<i>ulde [ulte]</i>	<i>ulde</i>	
<b>-mj-</b>				
<i>gymja</i> (ljoma)	<i>gym</i>	<i>glumde [glumte]</i>	<i>glumde</i>	
<i>gremja</i> (ergra seg)	<i>grem</i>	<i>gramde [gramte]</i>	<i>gramde</i>	<i>Gremma</i> finst som e-verb.
<i>grymja</i> (gryla)	<i>grym</i>	<i>grumde [grumte]</i>	<i>grumde</i>	
<i>lemja</i> (lamslå)	<i>lem</i>	<i>lamde [lamte]</i>	<i>lamde</i>	
<i>semja</i> (sameina)	<i>sem</i>	<i>samde [samte]</i>	<i>samde</i>	Jf. <i>semjast</i> , <i>samdest [samtest]</i> .
<i>symja</i>	<i>sym</i>	<i>sumde [sumte]</i>	<i>sumde</i>	<i>Svømma</i> er føreslått inn, det er e-verb.
<i>temja</i>	<i>tem</i>	<i>tamde [tamte]</i>	<i>tamde</i>	<i>Temma</i> er sideform no, er e-verb.
<i>timja</i> (skimta)	<i>tim</i>	<i>timde [timte]</i>	<i>timde</i>	
<b>-nj-</b>				
<i>bynja</i> (hamra)	<i>byn</i>	<i>bunde [bunte]</i>	<i>bunde</i>	
<i>drynja</i> (dundra)	<i>dryn</i>	<i>drunde [drunte]</i>	<i>drunde</i>	<i>Drønna</i> er sideform no, er e-verb.
<i>dynja</i> (dundra)	<i>dyn</i>	<i>dunde [dunte]</i>	<i>dunde</i>	<i>Dønna</i> er sideform no, er e-verb.
<i>rynja</i> (ramla ned; dundra)	<i>ryn</i>	<i>runde [runte]</i>	<i>runde</i>	
<i>skrynja</i> (rumla)	<i>skryn</i>	<i>skrunde [skrunte]</i>	<i>skrunde</i>	
<i>stynja</i>	<i>styn</i>	<i>stunde [stunte]</i>	<i>stunde</i>	<i>Stønna</i> er sideform no, er e-verb.
<i>tenja</i> (strekka ut)	<i>ten</i>	<i>tande [tante]</i>	<i>tande</i>	
<i>venja</i>	<i>ven</i>	<i>vande [vante]</i>	<i>vande</i>	<i>Venna</i> er sideform no, er e-verb.
<i>vemjast</i>	<i>vemjest</i>	<i>vemdest [vemtest]</i>	<i>vemdest</i>	<i>Vemmast</i> er jamstelt form, er a-verb. Burde det vore e-verb?
<i>ymja</i> (lyda; mulla)	<i>ym</i>	<i>umde [umte]</i>	<i>umde</i>	
<b>-rj-</b>				
<i>berja</i> (slå; kasta)	<i>ber</i>	<i>barde [barte]</i>	<i>barde</i>	
<i>myrja</i> (bala; ulma)	<i>myr</i>	<i>murde [murte]</i>	<i>murde</i>	
<i>smørja</i>	<i>smør</i>	<i>smurde [smurte]</i>	<i>smurde</i>	
<i>spørja</i>	<i>spør</i>	<i>spurde [spurte]</i>	<i>spurde</i>	
<i>verja</i>	<i>ver</i>	<i>varde [varte]</i>	<i>varde</i>	<i>Verja</i> kan òg vera a-verb.
<i>yrja</i> (yra, myldra)	<i>yr</i>	<i>urde [urte]</i>	<i>urde</i>	

## Følgjer for e-verb

<b>-ld</b>				
<i>eldast</i>		<i>eldest [eldtest]</i>	<i>eldest</i>	
<i>elda</i>		<i>elde [eldte]</i>	<i>elde</i>	
<i>melda</i>		<i>melde [meldte]</i>	<i>melde</i>	
<i>mylda</i>		<i>mylde [mylte]</i>	<i>mylde</i>	
<i>sælda</i>		<i>sælde [sælte]</i>	<i>sælde</i>	
<b>-nd</b>				
<i>henda</i>		<i>hende [hendte]</i>	<i>hende</i>	
<i>senda</i>		<i>sende [sendte]</i>	<i>sende</i>	
<i>venda</i>		<i>vende [vendte]</i>	<i>vende</i>	
<b>-rd</b>				
<i>gyrda</i>		<i>gyrde [gyrte]</i>	<i>gyrde</i>	
<i>herda</i>		<i>herde [herdte]</i>	<i>herde</i>	
<i>vørda</i>		<i>vørde [vørte]</i>	<i>vørde</i>	
<b>-gl</b>				
<i>negla</i>		<i>neglde [neglte]</i>	<i>neglde el. neglte</i>	Kan òg vera a-verb. Bør det vera berre a-verb?
<i>segla/sigla</i>		<i>siglde [siglte]</i>	<i>siglde el. siglte</i>	Kan òg vera a-verb. Bør det vera berre a-verb?
<b>-l</b>				
<i>tola [tåla]</i>		<i>tolte el. tolde [tålte el. tålde]</i>	<i>tolte</i>	[ <i>tåla</i> ] er teken ut av rettskrivinga. <i>Tolte</i> var eineform 1959–1987, og er i samsvar med andre verb på <i>-l</i> .
<b>-m</b>				
<i>bestemma</i>		<i>bestemde/bestemte</i>	<i>bestemde el. bestemte</i>	Sidan <i>bestemte</i> var eineform lenge, er den så innarbeidd at ho ikkje bør gå ut.
<i>drøyma</i>		<i>drøymde [drøymte]</i>	<i>drøymde</i>	[ <i>Drømme – drømte</i> ] er føreslått ut.
<i>dømma</i>		<i>dømde [dømte]</i>	<i>dømde</i>	
<i>fløyma</i>		<i>fløymde [fløymte]</i>	<i>fløymde</i>	[ <i>Flømme – flømte</i> ] er føreslått ut.
<i>fremma</i>		<i>fremde [fremte]</i>	<i>fremde</i>	
<i>gløyma</i>		<i>gløymde [gløymte]</i>	<i>gløymde</i>	[ <i>Glømme – glømte</i> ] er føreslått ut.
<i>gremma</i>		<i>gremde [gremte]</i>	<i>gremde</i>	
<i>gøyma</i>		<i>gøymde [gøymte]</i>	<i>gøymde</i>	[ <i>Gjømmе – gjømte</i> ] er føreslått ut.
<i>lima</i>		<i>limde/limte</i>	<i>limde el. limte</i>	Sidan <i>limte</i> var eineform lenge, er den

				så innarbeidd at ho ikkje bør gå ut.
<i>skremma</i> [skræma]		<i>skremde</i> [skræmde] [skremte] [skræmte]	<i>skremde</i>	[Skræma] er føreslått ut av rettskrivinga.
<i>strøyma</i> (svømma)		<i>strøymde</i> [strøymte]	<i>strøymde</i>	[Strømma – strømt] er føreslått ut. Svømma er føreslått inn i rettskrivinga, forslag til bøying: <i>svømmer – svømde – svømt</i>
[temma]	[temmer]	[temte]	<i>temde</i>	Temma er føreslått som eige oppslagsord, bør følgja andre verb med utgang på -m-.
<i>ylmast</i>		<i>ylmdest</i> [ylmtest]	<i>ylmdest</i>	
<b>-n</b>				
<i>ana</i>	<i>aner</i>	<i>ante</i>	<i>ante</i>	Kan òg vera a-verb.
<i>begynna</i>	<i>begynner</i>	<i>begynte</i>	<i>begynte</i>	
<i>brenna</i>	<i>brenner</i>	<i>brende</i> [brente]	<i>brende</i> el. <i>brente</i>	
<i>bryna</i> (kvessa)	<i>bryner</i>	<i>brynte</i>	<i>brynte</i>	
<i>brynna</i> (gi vatn)	<i>brynner</i>	<i>brynde</i> [brynte]	<i>brynde</i> el. <i>brynte</i>	
[drønna]	[drønner]	[drønte]	<i>drønte</i>	Er føreslått som eige oppslagsord.
[dønna]	[dønner]	[dønte]	<i>dønte</i>	Er føreslått som eige oppslagsord.
<i>egna</i>	<i>egner</i>	<i>egnde</i> [regnte]	<i>egnde</i> el. <i>egnte</i>	Kan òg vera a-verb. Ta ut e-verbjøyinga?
<i>eina</i> (sameina)	<i>einer</i>	<i>einte</i>	<i>einte</i>	Kan òg vera a-verb.
<i>erkjenna</i>	<i>erkjenner</i>	<i>erkjende</i> [erkjente]	<i>erkjende</i> el. <i>erkjente</i>	
<i>femna</i>	<i>femner</i>	<i>femnde</i> [femnte]	<i>femnde</i> el. <i>femnte</i>	Kan òg vera a-verb; <i>famna</i> er berre a-verb.
<i>fleina</i> (berrleggja)	<i>fleiner</i>	<i>fleinte</i>	<i>fleinte</i>	
<i>fryna</i> (skrukka på nasen)	<i>fryner</i>	<i>frynte</i>	<i>frynte</i>	
<i>frøyna</i> (frøsa)	<i>frøyner</i>	<i>frøynte</i>	<i>frøynte</i>	
<i>geina</i> (geipa; skjena)	<i>geiner</i>	<i>geinte</i>	<i>geinte</i>	Kan òg vera a-verb.
<i>gjøna</i> (apa; erta)	<i>gjøner</i>	<i>gjønte</i>	<i>gjønte</i>	
<i>glana</i>	<i>glaner</i>	<i>glante</i>	<i>glante</i>	Kan òg vera a-verb.
<i>grynna</i> (nå botnen, grunnen)	<i>grynner</i>	<i>grynte</i>	<i>grynte</i>	
<i>gyna</i> (gløtta; lura)	<i>gyner</i>	<i>gynte</i>	<i>gynte</i>	
<i>hemna</i>	<i>hemner</i>	<i>hemnde</i> [hemnte]	<i>hemnde</i> el. <i>hemnte</i>	Kan òg vera a-verb.
<i>håna</i>	<i>håner</i>	<i>hånte</i>	<i>hånte</i>	Kan òg vera a-verb.
<i>kjenna</i>	<i>kjenner</i>	<i>kjende</i> [kjente]	<i>kjende</i> el. <i>kjente</i>	
<i>klina</i>	<i>kliner</i>	<i>klinte</i>	<i>klinte</i>	
<i>kløna</i>	<i>kløner</i>	<i>klønte</i>	<i>klønte</i>	
<i>kryna</i> (kua;	<i>kryner</i>	<i>krynte</i>	<i>krynte</i>	

krona)				
kynna (forkynna; gjera tam)	kynner	kynte	kynte	
lena	lener	lente	lente	Kan òg vera a-verb.
lyna	lyner	lynte	lynte	
løna el. lønna	løn(n)er	lønnte	lønnte	Bør òg bli a-verb, jf. anna sak.
løyna (skjula)	løyner	løynde [løynte]	løynde el. løynte	
låna	låner	lånnte	lånnte	
mana	maner	mante	mante	Kan òg vera a-verb.
meina	meiner	meinte	meinte	
mina	miner	minte	minte	Kan òg vera a-verb.
minna (m. om)	minner	minte	minte	
nemna	nemner	nemnde [nemnte]	nemnde el. nemnte	
nenna (få seg til)	nenner	nente	nente	
pina	piner	pinte	pinte	
rana	raner	rante	rante	Kan òg vera a-verb.
regna	regner	regnde [regnte]	regnde el. regnte	Kan òg vera a-verb. Ta ut e-verbbygginga?
røyna (erfara)	røyner	røynde [røynte]	røynde el. røynte	
skeina (rispa; flyga skeivt)	skeiner	skeinte	skeinte	
skjenna	skjenner	skjente	skjente	
skjøna el. skjønna	skjøn(n)er	skjønte	skjønte	Kan òg vera a-verb.
skrøna	skrøner	skrønte	skrønte	Kan òg vera a-verb.
spenna (strekka ut)	spenner	spente	spente	
stana (stansa)	staner	stante	stante	Kan òg vera a-verb. Ta ut e-verbbygginga?
stemna	stemner	stemnde [stemnte]	stemnde el. stemnte	Kan òg vera a-verb.
strena	strener	strente	strente	Kan òg vera a-verb.
[stønna]	[stønner]	[stønte]	stønte	Er føreslått som eige oppslagsord.
syna	syner	synte	synte	
tena	tener	tente	tente	
tenna	tenner	tende [tente]	tende el. tente	Jf. tenna – tennte
tenna (setja tenner i)	tenner	tennte	tennte	
tina	tiner	tinte	tinte	Kan òg vera a-verb.
tyna (kverka)	tyner	tynte	tynte	Jf. tynna.
tynna (fortynna; gjera grissen)	tynner	tynnte	tynnte	Kan òg vera a-verb.
una (kosa seg)	uner	unte	unte	Jf. unna – unnte
unna (unna seg noko)	unner	unnte	unnte	
[venna]	[venner]	[vente]	vente	Er føreslått som eige oppslagsord.

<b>-ngj</b>				
<i>blengje [blenge]</i>		<i>blengde [blengte]</i>	<i>blengde</i>	
<i>dengje [denge]</i>		<i>dengde [dengte]</i>	<i>dengde</i>	
<i>fengje [fenge]</i>		<i>fengde [fengte]</i>	<i>fengde</i>	
<i>flengje [flenge]</i>		<i>flengde [flengte]</i>	<i>flengde</i>	
<i>hengje [henge]</i>		<i>hengde [hengte]</i>	<i>hengde</i>	
<i>klengje [klenge]</i>		<i>klengde [klengte]</i>	<i>klengde</i>	
<i>krengje [krenge]</i>		<i>krengde [krengte]</i>	<i>krengde</i>	
<i>kynge [kynge]</i>		<i>kynge [kynge]</i>	<i>kynge</i>	
<i>lengje [lenge]</i>		<i>lengde [lengte]</i>	<i>lengde</i>	
<i>mengje [menge]</i>		<i>mengde [mengte]</i>	<i>mengde</i>	
<i>rengje [rengje]</i>		<i>rengde [rengte]</i>	<i>rengde</i>	
<i>ringje [ringe]</i>		<i>ringde [ringte]</i>	<i>ringde</i>	
<i>slengje [slenge]</i>		<i>slengde [slengte]</i>	<i>slengde</i>	
<i>slyngje [slynge]</i>		<i>slyngde [slyngte]</i>	<i>slyngde</i>	
<i>sprengje [sprengje]</i>		<i>sprengde [sprengte]</i>	<i>sprengde</i>	
<i>stengje [stenge]</i>		<i>stengde [stengte]</i>	<i>stengde</i>	
<i>svengje [svenge]</i>		<i>svengde [svengte]</i>	<i>svengde</i>	
<i>trenge [trenge]</i>		<i>trenge [trenge]</i>	<i>trenge</i>	
<i>tyngje [tyngje]</i>		<i>tyngde [tyngte]</i>	<i>tyngde</i>	
<i>vrenge [vrenge]</i>		<i>vrenge [vrenge]</i>	<i>vrenge</i>	
<i>yngje [ynge]</i>		<i>yngde [yngte]</i>	<i>yngde</i>	
<b>-r</b>				
<i>fira</i>		<i>firde/firte</i>		
<i>flira</i>		<i>flirde/flirte</i>		
<i>føra</i>		<i>førde/førte</i>		
<i>høra</i>		<i>hørde/hørte</i>		
<i>høyra</i>		<i>hørde [høyrt]</i>	<i>hørde</i>	
<i>kjøra</i>		<i>kjørde/kjørte</i>		
<i>klara</i>		<i>klarde/klarte</i>		
<i>køyra</i>		<i>køyrde [køyrte]</i>	<i>køyrde</i>	
<i>læra</i>		<i>lærde/lærte</i>		
<i>styra</i>		<i>styrde/styrte</i>		
<i>svara</i>		<i>svarde/svarte</i>		
<i>tora</i>		<i>torde [torte]</i>	<i>torde</i>	

Framlegg til førebels vedtak om preteritum av j- og e-verb:

- J-verb skal ha endinga *-de* i preteritum.
- E-verb med stammeutgang på g, d, v eller m (konsonantane i GOD VOM) får endinga *-de* i preteritum.
- E-verb med stammeutgang på f, l, k, p, n, s, t eller r (konsonantane i FOLKEPENSJONISTAR) får endinga *-te* i preteritum, med dei unntaka som er nemnde ovanfor.



---

## SAMSVARBØYING AV PERFEKTUM PARTISIPP

---

Perfektum partisipp er den adjektiviske forma av verbet og blir liksom adjektivet bøygd i kjønn og tal. Samsvarbøying av perfektum partisipp er eit system som var gjennomført i gammalnorsk, og som framleis finst i norske målføre, fyrst og fremst på Vestlandet og i midlandsk.

### Samsvarbøying i predikativ og attributiv stilling

Samsvarbøying av perfektum partisipp i predikativ stilling inneber at partisippet blir bøygd i samsvar med subjektet når partisippet står predikativt (dvs. etter *vera*, *bli* eller *verta*):

Boka blir *utgjeven* i år. Ho er *meld* på førehand.

Perfektum partisipp blir òg bøygd når det står attributivt, dvs. føre substantiv:

Det er ei mykje *lesen* bok. Dei *melde* bøkene kom i haust.

Samsvarbøying har vore eineform innanfor læreboknormalen. Gjennomført samsvarbøying av ulike verb i predikativ stilling ser slik ut i dag:

<b>Verb</b>	<b>hankj./hokj.</b>	<b>inkjekjønn</b>	<b>fleirtal</b>
<i>a-verb</i>	han/ho er kasta	det er kasta	dei er kasta
<i>e-verb</i>	er dømd	er dømt	er dømde
	er bydd	er bydd/bydt	er bydde
	er vist	er vist	er viste
	er ført/førd	er ført	er førte/førde
<i>j-verb</i>	er tald	er talt	er talde
<i>nå-verb</i>	er nådd	er nådd/nått	er nådde
<i>sterke verb</i>	er biten	er bite/bitni	er bitne

### Systemet utan samsvarbøying

Sidan 1981 har det òg vore tillate for dei som ikkje måtte følgja læreboknormalen, å velja eit system utan samsvarbøying av svake verb og av sterke verb i predikativ stilling. Alternativt har ein kunna sløyfa samsvarbøying i svake partisipp, men behalda det i sterke (jf. Helleviks ordliste s. 23). Det ubøygdde partisippet skulle ha same form som supinum, dvs. inkjekjønnsforma av partisippet.

I 1986 vart det vedteke at supinum skulle samsvara med dentalen i preteritum. Dersom ein skreiv *brende* i preteritum, kunne (skulle?) ein òg skriva *har brend*, og bruka *brend* som ubøygd partisipp. Skreiv ein derimot *brente* i preteritum, skulle ein òg skriva *har brent*, og bruka *brent* som ubøygd partisipp (Årsmelding 1986 frå Norsk språkråd).

Systemet utan samsvarbøying ser slik ut:

<b>Verb</b>	<b>hankj./hokj.</b>	<b>inkjekjønn</b>	<b>fleirtal</b>
<i>a-verb</i>	han/ho er kasta	det er kasta	dei er kasta
<i>e-verb</i>	– er dømt	– er dømt	– er dømt
	– er bydd/bydt	– er bydd/bydt	– er bydd/bydt
	– er vist	– er vist	– er vist
	– er ført	– er ført	– er ført
<i>j-verb</i>	– er talt	– er talt	– er talt
<i>nå-verb</i>	– er nådd/nått	– er nådd/nått	– er nådd/nått
<i>sterke verb</i>	– er bite/bitni	– er bite/bitni	– er bitne/bitni

### Samsvarbøying eller ikkje i attributiv stilling

Når me har full samsvarbøying, gjeld det same systemet i attributiv stilling som i predikativ stilling:

ein dømd mann	ein <u>bunden</u> hest
ei dømd kone	ei <u>bunden</u> ku
eit dømd menneske	eit <u>bunde</u> / <u>-i</u> lam
dømde kvinner	<u>bundne</u> dyr
dei dømde kvinnene	dei <u>bundne</u> dyra

Vel ein systemet utan samsvarbøying, skal sterke verb likevel ha samsvarbøying i attributiv stilling. Då blir det slik:

ein dømt mann	ein <u>bunden</u> hest
ei dømt kone	ei <u>bunden</u> ku
eit dømt menneske	eit <u>bunde</u> / <u>-i</u> lam
dømte kvinner	<u>bundne</u> dyr
dei dømte kvinnene	dei <u>bundne</u> dyra

### Vurdering

Sandøy-nemnda seier i *Nynorskrettskrivinga* s. 109: "Samsvarbøyinga er etter kvart mykje mindre brukt i nynorsk ved svake partisipp, og ho er ein tydeleg komplikasjon i læringa for dei som ikkje har grunnlag for ho i talemålet sitt. Difor er det rimeleg å sløyfe det obligatoriske kravet om samsvarbøying av svake partisipp. Derimot viser skriftleg praksis at sterke partisipp korkje valdar store læringsproblem eller er på vikande front. Difor gjer me framlegg om at ho blir obligatorisk i den nye nynorsknorma."

Dette samsvarar med tilbakemeldingane me har fått i møte med forskjellige instansar som forlag, aviser, høgskular og språkrettarar. Overraskande mange seier at dei ikkje har samsvarbøying i talemålet sitt, og at dei har måtta læra seg det i samband med arbeidet sitt. Dei fleste har ikkje tenkt over om det er noko skilje mellom samsvarbøying av sterke og svake verb, men mange seier når dei får tenkt på det, at dei samsvarbøyer sterke verb, men ikkje svake, jf. ovanfor. Det støttar opp om framlegget frå Sandøy-nemnda, som føreslo valfridom mellom full samsvarbøying og samsvarbøying i sterke verb, men ikkje i svake (*Nynorskrettskrivinga* s. 107–108).

Også yngre skjønnlitterære forfattarar bruker stort sett ikkje samsvarbøying i svake verb, men har det ofte i sterke verb, kanskje meir eller mindre ubevisst.

Sjølv om samsvarbøying heng att i sterke verb i svært mange målføre, skal me ikkje gløyma at det òg finst målføre som bruker supinum av sterke verb i predikativ stilling. Det gjeld til dømes Gudbrandsdalen, der det heiter: "Saka er skrive." Spørsmålet er om utviklinga går i den lei i fleirtalet av dialektar, eller om samsvarbøyinga held seg i sterke verb.

Mange kan som sagt samsvarbøyinga enno, og bruker henne, ikkje minst fordi det har vore einerådande hovudformer lenge. Tida synest derfor ikkje å vera inne for å fjerna samsvarbøyinga. Spørsmålet blir då om me skal behalda to eller tre av desse systema:

- full samsvarbøying i sterke og svake verb i attributiv og predikativ stilling
- samsvarbøying i sterke verb i attributiv og predikativ stilling, men ikkje i svake verb
- samsvarbøying i sterke verb i attributiv stilling, men ikkje i predikativ stilling, og ikkje samsvarbøying i svake verb

Eksemplifisert:

		<b>Predikativt</b>	<b>Attributtivt</b>
<b>A.</b>	Sterkt verb	Han er bunden	Ein bunden hest
	Svakt verb	Ho er kjend	Ei kjend kvinne
<b>B.</b>	Sterkt verb	Han er bunden	Ein bunden hest
	Svakt verb	Ho er kjent	Ei kjent kvinne
<b>C.</b>	Sterkt verb	Han er bunde	Ein bunden hest
	Svakt verb	Ho er kjent	Ei kjent kvinne

Sandøy-nemnda valde som nemnt system A og B. Det er to variantar som synest å falla naturlege for mange språkbrukarar. Dei har òg den fordelan at sterke verb blir bøyge likt, anten dei står i predikativ eller i attributiv stilling.

Framlegg til førebels vedtak om samsvarbøying av perfektum partisipp:

- A. Svake perfektum partisipp i predikativ stilling kan anten ha samsvarbøying eller stå i supinum:

*han er kjend / kjent  
dei er kjende / kjent*

- B. Blir systemet utan samsvarbøying brukt i predikativ stilling, skal det òg brukast i attributiv stilling, bortsett frå at partisippet skal bøyast i fleirtal:

*ein kjent politikar / kjente politikarar*

- C. Sterke perfektum partisipp skal ha obligatorisk samsvarbøying i predikativ og attributiv stilling:

*fisken er frosen                      ei frosen grein  
vatnet er frose                        eit frose bær  
bollane er frosne                      frosne greiner*

---

## [-D]-BORTFALL I SUPINUM OG I INKJEKJØNNSFORMA AV PERFEKTUM PARTISIPP

---

I 1986 vedtok Norsk språkråd at verb med *-de* i preteritum skulle ha klammeform på *[-d]* i supinum og i inkjekjønnsforma av perfektum partisipp: har *kjent* [*kjend*], det er *kjent* [*kjend*]. Viss du valde systemet utan samsvarbøying, og skreiv *kjende* i preteritum, kunne (skulle?) du òg skriva "eg har kjend han", og "det er kjend".

### Vurdering

Sandøy-nemnda seier: "Det samsvaret mellom preteritums- og partisippformene som Venås peiker på ovanfor, er å sjå til mindre viktig for skribentar i denne samanhengen."

### Framlegg til førebels vedtak om supinum av svake verb på *-de*:

Svake verb med preteritum på *-de* skal ha supinum (= inkjekjønn av perfektum partisipp) på *-t*. Klammeforma i supinum på *[-d]* fell bort. Unntak er verb med *-dde*, *-gde* og *-vde* etter vokal, som skal ha *-d* i supinum (typen *arbeidd*, *bygd*, *kravd*).

---

## SAMSVARBØYING AV SVAKE PARTISIPP AV STERKE VERB

---

I 1981 vart det vedteke at svake partisipp av sterke verb som hittil hadde vore ubøyelege, kunne brukast ubøygd eller få vanleg samsvarbøying i læreboknormalen. Før hadde altså supinumforma vore eineform, slik:

Han/ho/det/dei er	[dradd/dratt]
	fått
	gitt
	gått
	[latt]
	slått
	stått
	[tatt]

Systemet med samsvarbøying er slik:

Han/ho er	[dradd]	det er	[dradd/dratt]	dei er	[dradde]
	fådd		fått		fådde
	gidd		gitt		gidde
	gådd		gått		gådde
	[ladd]		[latt]		[ladde]
	slådd		slått		slådde
	stådd		stått		stådde
	[tadd]		[tatt]		[tadde]

Det var eitt unntak: *blitt* skulle framleis vera ubøygd.

### Vurdering

Desse partisippformene har ikkje slått gjennom i nynorsk. Eit raskt søk i Nynorskkorpuset gir 5 tilslag på *gådd* og 2 på *stådd*, elles ingen. Rettnok inneheld Nynorskkorpuset litteratur frå dei siste hundre åra, men mykje av det er såpass nytt at korpuset skulle ha fanga opp former som vart vedtekne i 1981, viss det var stort behov for dei.

### Framlegg til førebels vedtak om samsvarbøying av svake partisipp av sterke verb:

Desse supinumformene skal ikkje ha samsvarbøying:

*blitt, dradd/dratt, fått, gitt, gått, latt, slått, stått, tatt*

## BØYING AV NOKRE ENKELTVERB

Saka gjeld bøyning av ein del verb som ofte blir bøygde feil. Desse verba vart ikkje tekne opp i *Nynorskrettskrivinga*, men har vore nemnde i denne nemnda som problem me bør ta opp. Truleg er det fleire verb som burde ha vore vurderte, men me er avhengige av innspel for å kunna fanga dei opp.

Tendensen i talemålet er at e-verb går over til å bli a-verb, og at sterke verb går over til å få svak bøyning. Spørsmålet er om skriftmålet skal reflektera slike tendensar.

Denne bøyinga gjeld i dag:	Desse formene går ut:	Framlegg i 2010:	Merknad
<b>arbeida</b> arbeider, arbeidde, arbeidd el. arbeid	<i>arbeidt</i>	Som før, bortsett frå at forma <i>arbeidt</i> går ut.	Forma <i>arbeidt</i> går ut som følgje av førebels vedtak i sist møte. A-bøyning ser ikkje ut til å vera noko stort problem.
<b>brøyta</b> brøyter, brøyte, brøytt		<b>brøyta</b> brøyter, brøyte, brøytt; el. brøytar, brøyta, brøyta	13 treff på pres. <i>brøytar</i> , 43 <i>brøyter</i> . 80–90 treff på pret. og perf. <i>brøyta</i> , 16 på <i>brøyte</i> , ingen på <i>brøytt</i> (feiltagging?).
<b>byta</b> byter, bytte, bytt		Som før. I tillegg: <b>bytta</b> byttar, bytta, bytta	A-bøyning av <i>byta</i> kjennest naturleg i pret. og perf.part., men ikkje i presens. Inf. <i>bytta</i> må i så fall jamstellast med <i>byta</i> . 43 døme på <i>bytta</i> i Dnt, mange fleire på inf. <i>bytte</i> .
<b>eiga</b> eig, åtte [eigde], ått [eigd/eigt]	[eigt]	<b>eiga</b> eig, eigde, eigd; el. eig, åtte, ått	Forma [eigt] går ut som følgje av førebels vedtak i sist møte.
<b>(for)lengja/ (for)lenga</b> -lengjer, -lengde, -lengt		Som før.	Klart fleire døme på <i>-lengja/-lenga</i> som e-verb enn som a-verb. Det er helst berre <i>(for)lenga</i> som kan vera a-verb.
<b>knyta</b> knyter, knytte, knytt		Som før. I tillegg: <b>knytta</b> knyttar, knytta, knytta	A-bøyning kjennest naturleg i pret. og perf.part., men ikkje i presens. Inf. <i>knytta</i> må i så fall jamstellast med <i>knyta</i> . 65 døme på <i>knytta</i> , mange fleire på <i>knyta</i> .
<b>lada</b> lader, ladde, ladd el. ladt		<b>lada</b> lader, ladde, ladd el. ladt; el. ladar, lada, lada	40 døme på <i>ladar</i> , <i>lada</i> , rundt 75 på <i>lader</i> , <i>ladde</i> .
<b>leia</b> leier, leidde, leidd el. leitt	<i>leitt</i>	Som før, bortsett frå at forma <i>leitt</i> går ut.	NRK o.a. bruker <i>leiar</i> , <i>leia</i> . Det er påverknad frå bm. <i>lede</i> , som er a-verb. <i>Leia</i> som a-verb verkar

			kunstig.
<b>løna/lønna</b> lønner, lønte, lønt		Som før.	Inntrykket er like mange dømme på <i>lønna</i> i pret. og perf.part. som <i>lønte, lønt</i> . I presens dominerer <i>lønner</i> . Forma <i>løna</i> kan ikkje bøyast som a-verb.
<b>nyta</b> nyt, naut, note		<b>nyta</b> nyt, naut, note el. nytt	Tendens til svak bøying i pret. og perf.part. Ingen treff i Dnt på sterk el. svak bøying i fortid, 2 dømme på <i>nyter</i> , 44 på <i>nyt</i> . Forslag om svak bøying i perfektum, jf. <i>gli, glidd/glide</i> .
<b>skada</b> skader, skadde, skadd el. skadt		<b>skada</b> skader, skadde, skadd el. skadt; el. skadar, skada, skada	Over 400 dømme på <i>skada</i> , rundt 200 på <i>skadde</i> .
<b>svekka/svekkja</b> svekkjer, svekte, svekt		<b>svekka/svekkja</b> svekk(j)er, svekte, svekt; el. <b>svekka</b> svekkar, svekka, svekka	<i>Svekkar, svekka</i> over 200 dømme, <i>svekk(j)er, svekte</i> ca. 320. Berre <i>svekka</i> kan vera a-verb.

Framlegg til førebels vedtak om endring i bøyinga av nokre verb:

<b>brøyta</b> brøyter, brøytte, brøytt; el. <i>brøytar, brøyta, brøyta</i>
<b>byta</b> byter, bytte, bytt; el. <b>bytta</b> byttar, bytta, bytta
<b>eiga</b> eig, åtte, ått; el. <i>eigde, eigd</i>
<b>knyta</b> knyter, knytte, knytt; el. <b>knytta</b> knyttar, knytta, knytta
<b>lada</b> lader, ladde, ladd el. ladt; el. <i>ladar, lada, lada</i>
<b>nyta</b> nyt, naut, note el. nytt
<b>skada</b> skader, skadde, skadd; el. <i>skadar, skada, skada</i>
<b>svekka/svekkja</b> svekkjer, svekte, svekt; el. <b>svekka</b> svekkar, svekka, svekka

## 6 FORMVERKET – MEIR OM SUBSTANTIV

---

### Bakgrunnsstoff som nemnda må lesa:

*Nynorskrettskrivinga* (Nyn) s. 232–237 (2000-forslaga)

*Nynorskrettskrivinga* (Nyn) s. 54–70, 210–213 (2002-forslaga)

### Litteratur som er brukt i arbeidet:

Det nynorske tekstkorpuset (Dnt)

*Norsk Ordbok* (NO)

*Nynorskordboka*, 4. utgåve 2006 (NOB)

Hellevik, Alf: *Nynorsk ordliste*. 10. utgåve 2008

Hjulstad, Håvard: *Nynorsk baklengsordliste*. Utrykt manus 3.10.1980

Leira, Vigleik: *Ordlaging og ordelement i norsk*. Samlaget 1992

Norsk språkråd: *Årsmelding 1986*

Rommetveit, Magne: *Med andre ord*, 3. utgåve 2007

Nemnda gjorde førebels vedtak om store delar av substantivbøyinga i møtet 8.–9. juni. Desse sakspapira tek opp dei spørsmåla som står att. Nemnda har dessutan bedd om ei sak om *-ing/-ning*, om substantiv på *-sel/-sle*, om substantiv på *-vere* og *-vær*.

Denne saka inneheld såleis seks punkt:

- A. Kjønn på nokre substantiv
- B. Skrivemåte og kjønn for substantiv på *-ing/-ning*
- C. Substantiv med nesten lik form, men ulikt kjønn
- D. Substantiv på *-sel/-sle*
- E. Substantiv på *-e/-er*
- F. Substantiv på *-vere/-vær*



---

## KJØNN PÅ NOKRE SUBSTANTIV

---

Nemnda som la fram *Nynorskrettskrivinga*, gjekk samrøystes inn for at dei substantiva som har valfritt genus i gjeldande rettskriving, får halda på det (s. 54). Unntaket er *trast/trost*, som nemnda føreslo skulle ha berre hankjønnsbøying.

2000-utgreiinga har to framlegg til endringar av genus på ord: *bise* (pyntesaum) går frå hankjønn til å bli hokjønn, og *trast/trost* går frå valfritt hankjønn eller hokjønn til hankjønn.

### Vurdering

Som 2002-nemnda er inne på, ville det kravd eit omfattande grunnlagsarbeid å undersøkje utbreiing og frekvens av alle orda som i dag har to genus. Skulle me gjera det, måtte me hatt meir ressursar i nemnda. Men som den førre nemnda òg seier, er det neppe noka ulempe for nynorsken at ord har valfritt genus. Det inneber at fleire kan bøya substantiva i samsvar med talemålet sitt, utan å måtta slå opp og sjekka kva for genus ordet har i rettskrivinga. At substantiv har to ulike bøyingsmønster, er truleg heller ikkje spesielt forstyrrende for den som skal læra nynorsk. Dei færraste vil leggja merke til at det står *ei plante* i ein tekst, og *ein plante* i ein annan tekst. Derimot kan det vera ei utfordring å få språkbrukarane til å vera konsekvente innanfor ein og same tekst, og bruka hankjønnsmønsteret, ev. hokjønnsmønsteret konsekvent på eitt og same ord. Men dét er ei utfordring anten nynorske ordlister har ordet oppført med eitt eller to bøyingsmønster.

Det kunne òg ha vore aktuelt å vurdera fleire ord med tanke på å endra kjønn, slik 2002-nemnda føreslo for ordet *bise*, eller innføra valfritt kjønn ved ord som i dag har berre eitt kjønn. Nemnda er i så fall avhengig av innspel for å fanga opp slike tilfelle.

Vårt framlegg er at ordet *dialekt* skal kunna vera anten hankjønns- eller hokjønnsord. I dag er det berre hankjønnsord, men i mange målføre er det hokjønnsord, og mange som har det som hokjønnsord, skriv det òg slik. Eit søk i korpuset gjev rett nok berre 42 treff på *dialekta* og 23 på *dialekter/dialektene* (DT, Firda, Hallingdølen, Kolloen, Nationen, Sogns Avis, VestNytt), men ordet har då heller aldri vore oppført som hokjønnsord i ordlistene.

Ei slik endring for dialekt fører til at nokre fleire ord med same etterledd bør få same mønster:

*geolekt, idiolekt, sosiolekt* ofl.

### Førebels forslag til vedtak om endring av kjønn på nokre ord:

Denne bøyinga gjeld i dag:	Denne bøyinga blir gjeldande i ny rettskriving:	Merknad
<i>bise</i> -en, -ar, -ane	<i>bise</i> -a, -er, -ene	
<i>dialekt</i> -en, -ar, -ane	<i>dialekt</i> -a, -er, -ene; el -en, -ar, -ane	Gjeld også andre ord på <i>-lekt</i> , jf. saksutgreiinga.
<i>trast</i> el. <i>trost</i> -a, -er, -ene; el -en, -ar, -ane	<i>trast</i> el. <i>trost</i> -en, -ar, -ane	

Ord på *-ing* og *-ning* har varierende genus i dag, og Norsk språkråd gjorde fleire forsøk på å skapa mest mogleg samsvar mellom tale og skrift på dette punktet. Mellom anna hadde fagnemnda ein grundig gjennomgang av emnet i 1986, jf. årsmeldinga s. 17–18. Då tok dei for seg både om endinga skulle vera *-ing* eller *-ning* i ein del tvilstilfelle, og kjønn på ein del *ing-/ning*-ord.

Svært mange av desse orda er hokjønnsord, ut frå den allmenne regelen at verbalsubstantiv på *-(n)ing* er hokjønnsord. Tvilen om kva kjønn orda skal ha, oppstår ved ein del ord på *-ing* eller *-ning* som er nemningar for konkrete gjenstandar. Sjølv om nokre av dei har samanheng med eit verb, er dei ikkje verbalsubstantiv. Dei har varierende kjønn, og det er vanskeleg å sjå ein opplagd regel som kan trekkjast ut av bruken.

Saka om kjønn på ord som endar på *-ing* og *-ning*, var oppe i rettskrivingsnemndene både i 2000 og 2002. Nedanfor har eg teke med vedtaket frå 2002 om kjønn på ord med *ing-* og *ning-*suffiks. Det vart lagt fram for Riise-nemnda i møtet 8.6.2010, men ho ville ha saka utgreidd grundigare.

#### Kjønn på ord som endar på *-ing* og *-ning*, framlegg 2002:

- 1 Suffiksa *-ing* og *-ning* er i prinsippet hokjønnsuffiks.
- 2 Verbalsubstantiv med *-(n)ing* er hokjønnsord utan unntak (t.d. *utbygging, forvalt(n)ing*).
- 3 Nemningar på personar og dyr på *-(n)ing* er hankjønnsord (t.d. *sørlending, villstyring, flyktning, slektning*) unnateke når det biologiske kjønnnet tilseier hokjønn (t.d. *dronning, kjerring*).
- 4 Desse orda med suffikset *-ning* er valfritt hokjønns- eller hankjønnsord: *anretning, binding* (ski-), *festning, fletning* (flettverk), *forlegning* (militær-), *frysning, halvning* (halvpart), *klovning* (kløyvd stokk), *kokning* (porsjon kokt på ein gong), *krysning, legning, linning, lysning* (i skogen), *løysning* (oppløyst stoff), *munning, pakning, pasning, rivning, sikring* (elektrisk), *spenning* (= vidjering), *steikning, stikning*.<sup>1</sup>
- 5 Desse orda med suffikset *-ing* eller utgang på *-ning* (ikkje suffikset *-ning*) er hankjønnsord: *allmenning, botning* (blindtarm el. fjerde magen på dyr), *bygning, doning* (kjøretøy), *dønning, gjødning, grunning* (= grunne), *honning, kledning, klining* (brød el. lefse), *-kroning* (t.d. femkroning), *krusning, ladning, leidning, penning, presenning, renning* (= rotskot), *terning, tinning, våning, -øring* (t.d. femøring).<sup>2</sup>

---

<sup>1</sup> Av denne bolken har i dag desse orda berre hankjønn: *fletning, forlegning, frysning, halvning, klovning, kokning, lysning, munning, rivning, spenning, steikning, stikning*. *Festning* er no obligatorisk hokjønnsord, dei andre er alt valfrie.

<sup>2</sup> Her er endring berre for *doning*, som no er valfritt hokjønn eller hankjønn.

Dei tre fyrste punkta synest greie å følgja. Svært mange av orda på *-ing* og *-ning* er som nemnt verbalsubstantiv (substantiv som er avleidd av eit verb, og som nemner ei handling eller ein tilstand), jf. punkt 2 ovanfor, eller dei er nemningar for personar og dyr, jf. punkt 3.

Reglane i punkt 4 og 5 er vanskeleg å følgja for folk flest. Det er uråd å forstå kvifor det er suffikset *-ning* me finn i *lysning*, mens det er "utgang på *-ning*, og ikkje suffikset" me finn i *krusning* og *ladning* t.d.

For det fyrste er det uklart kva som er meint i punkt 5 med "utgang på *-ning*" i motsetning til suffiks på *-ning*. Truleg siktar det til ord som får *-ning* fordi *n* er ein del av stammen. Men det passar ikkje for ord som *krusning*, *ladning* og *leidning*, t.d. Samtidig skulle *lysning* kanskje ha stått her i staden for under punkt 4, for det kjem truleg av *lysne* + *-ing* og ikkje av *lyse* + *-ing*

For det andre er det eit par ord under punkt 4 som ikkje har suffikset *-ning*: *binding*, *sikring*, og som såleis ikkje passar inn i "regelen". Dei burde då ha utgjort eit eget punkt 5.

Skrivemåte og kjønn på ord med endinga *-ing/-ning* har vore eit problemområde i nynorsk alltid, og truleg greier me ikkje koma fram til nokon eintydig regel no heller. Men me kan prøva å koma fram til noko som er ei hjelp eit stykke på veg når det gjeld kjønn, og så må folk læra seg resten av orda enkeltvis. Når det gjeld skrivemåten *-ing* og *-ning*, er det ikkje gjort framlegg om endringar utover det som vart gjort i 1986.

Ein gjennomgang av baklengsordlista har resultert i ein del fleire ord der ein kan vera i tvil om kjønn, – og ein del der ein kjenner seg sikker, t.d. *pudding*. Dei er likevel tekne med fordi dei kan vera med på å hjelpa oss til å forma ein regel. Fyrst kjem orda frå punkt 4 og 5 ovanfor. Dei som fekk framlegg om endring i 2002, er gula ut nedanfor. Dei som får framlegg om endring i 2010, er markerte med blått.

Den generelle tendensen i dei seinare tiåra har vore styrking av *-ing* kontra *-ning* og av hokjønn for *-ing*. Omgrep som har fjerna seg langt frå det verbale, er helst hankjønn.

Denne bøyinga gjeld i dag:	Framlegg i 2003:	Framlegg i 2010:	Merknad
<b>Ord frå punkt 4 ovanfor:</b>			
<i>anretning</i> m. el. f.	m. el. f.	m. el. f.	5 treff på <i>anretninga</i> i Dnt, alle Hoem.
<i>binding</i> m. el. f. (ski-)	m. el. f.	m. el. f.	<i>Bindingen</i> 4, ingen på <i>bindinga</i> i tydinga <i>ski</i> -.
<i>festning</i> f.	m. el. f.	m. el. f.	<i>Festningen</i> 15, <i>festninga</i> 100.
<i>fletning</i> m. (flettverk)	m. el. f.	m. el. f.	Ingen treff i bunden form.
<i>forlegning</i> m. (militær-)	m. el. f.	m. el. f.	<i>Forlegningen</i> 0, <i>forlegninga</i> 6.
<i>frysning</i> m.	m. el. f.	m. el. f.	<i>Frysninga</i> 1 treff.
<i>halvning</i> m. (halvpart)	m. el. f.	m.	Ingen treff.
<i>klovning</i> m. (kløyvd stokk)	m. el. f.	m.	<i>Klovningji</i> 1
<i>kokning</i> m. (porsjon kokt på ein gong)	m. el. f.	m. el. f.	Ingen treff.
<i>krysning</i> m. el. f.	m. el. f.	m. el. f.	<i>Krysningen</i> 4, <i>krysninga</i> 9.
<i>legning</i> m. el. f.	m. el. f.	m. el. f.	<i>Legningen</i> 4, <i>legninga</i> 28.
<i>linning</i> el. <i>lining</i> m. el. f.	m. el. f.	m. el. f.	<i>Linningen</i> 3, <i>linninga</i> 20.
<i>lysning</i> m. (i skogen)	m. el. f.	m. el. f.	<i>Lysningen</i> 23, <i>lysninga</i> 21.
<i>løysning</i> (oppløyst stoff) m. el. f.	m. el. f.	m. el. f.	<i>Løysningen</i> 0, <i>løysninga</i> 2.

<i>munning</i> m.	m. el. f.	m. el. f.	<i>Munningen</i> 23, <i>munninga</i> 21.
<i>pakning</i> m. el. f.	m. el. f.	m. el. f.	<i>Pakningen</i> 8, <i>pakninga</i> 5.
<i>pasning</i> m. el. f.	m. el. f.	m. el. f.	<i>Pasningen</i> 9, <i>pasninga</i> 7.
<i>rivning</i> m. (strid)	m. el. f.	m. el. f.	<i>Rivningen</i> 1, <i>rivninga</i> 0.
<i>sikring</i> m. el. f. (elektrisk s.)	m. el. f.	m. el. f.	<i>Sikringen</i> 6, <i>sikringa</i> 1.
<i>spenning</i> m. (vidjering)	m. el. f.	m. el. f.	<i>Spenningen</i> 2, <i>spenninga</i> 0.
<i>steikning</i> m.	m. el. f.	m. el. f.	Ingen treff.
<i>stikning</i> m.	m. el. f.	m. el. f.	Ingen treff.
<b>Ord frå punkt 5 ovanfor:</b>			
<i>allmenning</i> m.	m.	m.	<i>Allmenningen</i> 24, <i>allmenninga</i> 18 (alle frå Høgbråten).
<i>botning</i> m. (blindtarm el. fjerde magen på dyr)	m.	m.	Ingen dømme.
<i>bygning</i> m.	m.	m.	<i>Bygningen</i> dominerer; 20 dømme på <i>bygninga</i> , 10 hjå Fløgstad.
<i>doning</i> m. el. f. (kjøretøy)	m.	m.	<i>Doningen</i> 80 dømme, <i>doninga</i> 8 (5 frå Sogns Avis).
<i>dønning</i> m. (langsam havbåre)	m.	m.	<i>Dønningen</i> 4, <i>dønninga</i> 4 (alle Farstad).
<i>gjødning</i> m.	m.	m.	Ingen dømme på <i>gjødningen</i> , 1 på <i>gjødninga</i> .
<i>grunning</i> m. (grunne)	m.	m.	Ingen dømme.
<i>honning</i> m.	m.	m.	10 på <i>honningen</i> , 1 dømme på <i>honninga</i> (Hoem).
<i>kledning</i> m. (klednad)	m.	m.	<i>Kledningen</i> 48 dømme, <i>kledninga</i> 11.
<i>klining</i> m. (brød el. lefse)	m.	m.	Ingen; jf. <i>kling</i> m.
<i>-kroning</i> m. (t.d. femkroning)	m.	m.	27 dømme på <i>-kroningen</i> .
<i>krusing</i> m.	m.	m.	Ingen dømme i eintal, men 11 dømme på <i>krusinga</i> .
<i>ladning</i> m.	m.	m. el. f.	<i>Ladningen</i> 27 dømme, <i>ladninga</i> 26. Det bør kanskje vera valfritt?
<i>leidning</i> m.	m.	m.	<i>Leidningen</i> 106 dømme, <i>leidninga</i> 9.
<i>penning</i> m. (mynt; pengar)	m.	m.	2 dømme på <i>penningen</i> .
<i>presenning</i> m.	m.	m.	<i>Presenningen</i> 68 dømme, <i>presenninga</i> 8 dømme.
<i>renning</i> (rotskot) m.	m.	m.	1 dømme på kvar i denne tydinga.
<i>terning</i> m.	m.	m.	44 dømme på <i>terningen</i> .
<i>tinning</i> m.	m.	m.	<i>Tinningen</i> 36, <i>tinninga</i> 2.
<i>våning</i> m.	m.	m.	1 dømme på <i>våninga</i> .
<i>-øring</i> (t.d. femøring) m.	m.	m.	3 dømme på <i>-øringen</i> .

Ord som er henta fram no, der det kan vera tvil om kjønn:	Framlegg 2010:	Merknad:
<b>Hokjønnsord:</b>		
<i>avdeling</i> f.		
<i>avling</i> f.		
<i>avsetning</i> f.		
<i>bedding</i> f. (slipp)	<i>bedding</i> m. el. f.	<i>Beddingen</i> 23, <i>beddinga</i> 3.

<i>befolkning</i> f.		
<i>belysning</i> f.		
<i>betening</i> f.		
<i>bowling</i> f.	<i>bowling</i> f. (sport) <i>bowling</i> m. (bowlinghall)	Forslag: Ulikt kjønn på aktiviteten <i>bowling</i> og <i>bowling</i> for <i>bowlinghall</i> .
<i>brenning</i> f.		<i>Brenningen 1, brenninga 5</i> . Jf. <i>dønning</i> m., <i>krusning</i> m.
<i>bryning</i> f. (kant, rand)		
<i>buktning</i> f. (krumming)		
<i>camping</i> f.	<i>camping</i> f. (aktivitet) <i>camping</i> m. (campingplass)	Forslag: Ulikt kjønn på aktiviteten <i>camping</i> og <i>camping</i> for <i>campingplass</i> .
<i>dagning</i> f.		
<i>dekning</i> f.		
<i>demning</i> f. (stengsel for vatn)	<i>demning</i> m. el. f.	<i>Demningen 22, demninga 56</i> .
<i>eining</i> f. (mål-)		
<i>fatning</i> f.		
<i>foreining</i> f.		
<i>forretning</i> f.		
<i>gjerning</i> f.		
<i>grålysing</i> el. <i>grålysning</i> f. (morgongry)		
<i>haldning</i> el. <i>holdning</i> f.		
<i>helleristing</i> el. <i>helleristning</i> f.		2 døme på <i>helleristinga</i> .
<i>hemning</i> f.		
<i>innhegning</i> f.		
<i>luftning</i> f. (vindpust)		
<i>løn(n)ing</i> f.		
<i>omsetning</i> f.		
<i>opning</i> f.		<i>Opningen 50 døme, opninga 330</i> .
<i>redning</i> f.		
<i>reisning</i> f. (rank kroppshaldning)		
<i>reling</i> f.		<i>Relingen 1 døme, relinga 20 døme</i> .
<i>renning</i> f. (= sol-; trådar i vev)		
<i>retning</i> f.		
<i>rustning</i> f.		
<i>setning</i> f.		
<i>shipping</i> f.		
<i>sightseeing</i> f.		
<i>skoning</i> f. (jernbeslag; hestesko)		Ingen døme. Jf. <i>skoning</i> m.
<i>skråning</i> f.		
<i>slutning</i> f.		
<i>spurning</i> f. (spørsmål; gåte)		
<i>stifting</i> f. (stiftelse)		
<i>stigning</i> f.		
<i>strekning</i> f.		<i>Strekningen 125; strekninga 580</i> .
<i>stuing</i> f. (erte-)		
<i>syning</i> f. (synsrand)		
<i>tilsetning</i> f.		

<i>trekking</i> el. <i>trekning</i> f. (lodd-; krampe-)		
<i>tæring</i> f. (forbruk; tuberkulose)		
<i>unnskyldning</i> f.		
<i>vefting</i> f. (veft, islett i vev)		
<b>Hankjønnsord:</b>		
<i>aksling</i> m.		
<i>bunding</i> m. (strikketøy)		
<i>bøling</i> m.		
<i>børsing</i> m. (metallhylse)		
<i>cutting</i> m. (hårfasong)		
<i>dimling</i> m. (blindnagle)		
<i>dressing</i> m.		
<i>eling</i> m. (bøye)		
<i>fembøring</i> m. (båttype)		
<i>fetling</i> m. (skinn av dyrefot)		
<i>fjerding</i> m.		
<i>floing</i> m. (sterk regnbøye)		
<i>-frøing</i> m. (plantetype, nærare definert av fyrsteleddet: dekkf-)		
<i>færing</i> m. (båttype)		
<i>gimling</i> m. (skiljevegg)		
<i>grålysing</i> m. (slått på særskilt felestille)		
<i>gåning</i> m. (akt; smak; mon)		
<i>himling</i> m. (bogeforma kvelving)		
<i>-hjørning</i> el. <i>-hyrning</i> m. (med så mange hjørne som fyrsteleddet nemner)		
<i>-hundring</i> m. (hundrekronesetel)		
<i>hyssing</i> m.		
<i>iming</i> m. (fint snøfall)		
<i>kavring</i> m.		
<i>kjetting</i> m.		
<i>kløyvning</i> m.		Jf. <i>klovning</i> , som er m. el. f.
<i>knipling</i> m.		<i>Kniplingen</i> 2 døme (begge Noss).
<i>kreking</i> m.		
<i>kuling</i> m.		
<i>kvelving</i> m. (himmel-)		
<i>lusing</i> m. (øyrefik)		
<i>massing</i> [ <i>messing</i> ] m.		
<i>-masting</i> m. (båt med så mange master som fyrsteleddet seier)		
<i>netting</i> m.		
<i>nying</i> m. (bål)		
<i>nyskapning</i> m. (noko nyskapt)		
<i>motting</i> m. (gjødseldunge)		
<i>nørding</i> m. (vind frå nord)		
<i>plantning</i> m. (tilplanta areal)		

<i>plattung</i> m. (plattform)		
<i>pudding</i> m.		
<i>rekling</i> m. (tørka kveitekjøtt)		
<i>rotting</i> m. (spanskrøyr)		
<i>rydning</i> m. (snauhoggen flate)		
<i>seising</i> m. (line, tau)		
<i>skilling</i> m.		
<i>skoning</i> m. (kant nedst på skjørt)		Jf. <i>skoning</i> f. (hestesko)
<i>skjerding</i> m.		
<i>smoking</i> m.		
<i>smurning</i> m.		
<i>sodning</i> m. (mengd som blir kokt på ein gong)		
<i>sopling</i> m.		
<i>stikling</i> m.		
<i>stytting</i> el. <i>stutting</i> m. (stutt slede)		
<i>syrling</i> m. (type syre)		
<i>tofrøblading</i> m. (tofrøblada plante)		
<i>vevling</i> m. (stigesteg av tau; pulsvante)		
<i>-æring</i> m. (båt med så mange årer som fyrsteleddet fortel)		
<i>åring</i> m. (årsavling)		
<i>sterling</i> m. (sølv med finleik 925)		
<b>Hankjønn eller hokjønn:</b>		
<i>besetning</i> m. el. f. (pynt; mannskap; buskap)		<i>Besetningen</i> 75 døme, <i>besetninga</i> ca. 65 døme.
<i>esing</i> m. el. f. (båtripe)		20 døme på <i>esinga</i> .
<i>leivning</i> m. el. f. (rest)		<i>Leivningen</i> 13 døme, <i>leivninga</i> 2 døme.
<i>velling</i> m. el. f.		<i>Vellingen</i> 4 døme, <i>vellinga</i> 5.

Framlegg til førebels vedtak om reglar for kjønn på ord som endar på *-ing* og *-ning*:

1. Verbalsubstantiv med *-(n)ing* som står for ei handling, er hokjønnsord utan unntak (t.d. *skrivning, modning, utbygging, forvalt(n)ing*).
2. Dei orda på *-ing* som er avleidde av substantiv og adjektiv, er hankjønnsord (m.a. innbyggjarnamn som *sørlending, totning* og *riking, raring*). Person- og dyrenemningar på *-(n)ing* er hankjønnsord (t.d. *villstyring, flyktning, slektning*), unnateke når det biologiske kjønnnet tilseier hokjønn (t.d. *dronning, kjerring*).
3. Nemningar for omgrep som har fjerna seg langt frå det verbale innhaldet, er ofte hankjønn (t.d. *bygning, lusing, smurning*).

4. Suffiksa *-ing* og *-ning* er i prinsippet hokjønnsuffiks. Ord som ikkje passar inn under punkt 1, 2 eller 3, er oftast hokjønnsord.

5. Disse orda får endra kjønn i ny rettskriving:

<b>Denne bøyinga gjeld i dag:</b>	<b>Framlegg i 2002:</b>	<b>Framlegg i 2010:</b>	<b>Merknad</b>
<i>bedding</i> f.		<i>bedding</i> m. el. f.	
<i>bowling</i> f.		<i>bowling</i> f. (sport)	
		<i>bowling</i> m. (bowlinghall)	
<i>camping</i> f.		<i>camping</i> f. (aktivitet)	
		<i>camping</i> m. (campingplass)	
<i>demning</i> f. (stengsel for vatn)		<i>demning</i> m. el. f.	
<i>doning</i> m. el. f. ( <i>kjøretøy</i> )	m.	<i>doning</i> m.	
<i>festning</i> f.	m. el. f.	<i>festning</i> m. el. f.	
<i>fletning</i> m. (flettverk)	m. el. f.	<i>fletning</i> m. el. f.	
<i>forlegning</i> m. (militær-)	m. el. f.	<i>forlegning</i> m. el. f.	
<i>frysning</i> m.	m. el. f.	<i>frysning</i> m. el. f.	
<i>kokning</i> m. (porsjon kokt på ein gong)	m. el. f.	<i>kokning</i> m. el. f.	
<i>ladning</i> m.		<i>ladning</i> m. el. f.	
<i>munning</i> m.	m. el. f.	<i>munning</i> m. el. f.	
<i>spenning</i> m. (vidjering)	m. el. f.	<i>spenning</i> m. el. f.	
<i>steikning</i> m.	m. el. f.	<i>steikning</i> m. el. f.	
<i>stikning</i> m.	m. el. f.	<i>stikning</i> m. el. f.	



---

SUBSTANTIV MED NESTEN LIK FORM, MEN ULIKT KJØNN

---

Ein del substantiv har to nesten identiske former av oppslagsordet, men med ulikt kjønn. Det at formene har ulikt kjønn, gjer det litt vanskelegare å stryka den eine forma ut av rettskrivinga enn om det er berre ein *-e* som skil dei to orda. Derfor har eg laga ei sak på dei.

I mange tilfelle er begge variantane velkjende og bør bli ståande. I somme tilfelle bør dei truleg førast opp som to forskjellige oppslagsord.

Denne bøyinga gjeld i dag:	Desse formene går ut:	Denne bøyinga blir gjeldande i ny rettskriving:	Merknad
<i>beger</i> n. el. <i>bekar</i> m.		<i>beger</i> n. el. <i>bekar</i> m.	Er oppførte separat i dag.
<i>blekksprut</i> m. el. <i>blekksprute</i> f.	<i>blekksprute</i> f.	<i>blekksprut</i> m.	54 dømme på <i>blekksprut</i> , 1 dømme på <i>blekkspruter</i> .
<i>bord</i> m. el. <i>borde</i> f. (kant)		<i>bord</i> m. el. <i>borde</i> f. (kant)	
<i>brems</i> m. el. <i>bremse</i> f.		<i>brems</i> m. el. <i>bremse</i> f.	
<i>dobb</i> m. el. <i>dobbe</i> f.		<i>dobb</i> m. el. <i>dobbe</i> f.	
<i>dyll</i> m. el. n. el. <i>dylle</i> f.		<i>dyll</i> m. el. n., el. <i>dylle</i> f.	
<i>engsprett</i> m. el. <i>engsprette</i> f.		<i>engsprett</i> m. el. <i>engsprette</i> f.	
<i>erm</i> f. el. <i>erme</i> n.		<i>erm</i> f. el. <i>erme</i> n.	<i>Erm</i> er o-stamme.
<i>gall</i> n. el. <i>galle</i> m.		<i>gall</i> n. el. <i>galle</i> m.	
<i>hank</i> f.; el. <i>hank</i> el. <i>hanke</i> m. (handtak)		<i>hank</i> f.; el. <i>hank</i> el. <i>hanke</i> m. (handtak)	
<i>keip</i> m. el. <i>keipe</i> f. (årefeste)		<i>keip</i> m. el. <i>keipe</i> f. (årefeste)	
<i>kjerv</i> m. el. n.; el. <i>kjerne</i> n.		<i>kjerv</i> m. el. n.; el. <i>kjerne</i> n.	
<i>klamme</i> f. el. m.; el. <i>klammer</i> f.		<i>klamme</i> f. el. m.; el. <i>klammer</i> f.	
<i>kleim</i> m. el. <i>kleime</i> f. (klister)		<i>kleim</i> m. el. <i>kleime</i> f. (klister)	
<i>kleppfisk</i> el. <i>klippfisk</i> m.	<i>kleppfisk</i>	<i>klippfisk</i> m.	1 dømme på <i>kleppfisk</i> frå 1939, mange på <i>klippfisk</i> .
<i>kongel</i> m. el. <i>kongle</i> f. el. m.		<i>kongel</i> m. el. <i>kongle</i> f. el. m.	
<i>kran</i> f. el. <i>krane</i> m.		<i>kran</i> f. el. <i>krane</i> m.	
<i>krydde</i> f.; el. <i>krydd</i> el. <i>krydder</i> n.	<i>krydde</i> f. el. <i>krydd</i> n.	<i>krydder</i> n.	5 dømme på <i>krydd</i> , <i>krydda</i> ; 250 på <i>krydder</i> .
<i>kvann</i> f. el. <i>kvanne</i> f. el. m.		<i>kvann</i> f. el. <i>kvanne</i> f. el. m.	
<i>kvil</i> m. el. <i>kvild</i> f. el. <i>kvile</i> f.		<i>kvil</i> m. el. <i>kvild</i> f. el. <i>kvile</i> f.	
<i>lyr</i> m. el. <i>lyre</i> f. (høg ball)		<i>lyr</i> m. el. <i>lyre</i> f. (høg ball)	
<i>læst</i> el. <i>læss</i> subst.		<i>læst</i> el. <i>læss</i> subst.	
<i>muskedunder</i> m. el. <i>muskedundre</i> f.	<i>muskedundre</i> f.	<i>muskedunder</i> m.	<i>Muskedunder</i> 3, <i>muskedundre</i> 1.
<i>mynd</i> f. el. <i>mynde</i> n.	<i>mynd</i> f.	<i>mynde</i> n.	4 dømme på <i>mynd</i> , 70 dømme på <i>mynde</i> .
<i>red</i> m. el. <i>rei</i> f.		<i>red</i> m. el. <i>rei</i> f.	
<i>røt</i> n. el. <i>røte</i> m. (tørr-)		<i>røt</i> n. el. <i>røte</i> m.	

<i>sausenebb</i> m. el. n.; el. <i>sausenebbe</i> f.		<i>sausenebb</i> m. el. n.; el. <i>sausenebbe</i> f.	
<i>skuff</i> m. el. <i>skuffe</i> f.		<i>skuff</i> m. el. <i>skuffe</i> f.	
<i>spett</i> m. el. <i>spette</i> f. (fugl)		<i>spett</i> m. el. <i>spette</i> f.	
<i>sprekk</i> m. el. <i>sprekke</i> f.		<i>sprekk</i> m. el. <i>sprekke</i> f.	
<i>stropp</i> m. el. <i>stroppe</i> f.		<i>stropp</i> m. el. <i>stroppe</i> f.	
<i>tilvære</i> n. el. <i>tilvere</i> f.		<i>tilvære</i> n. el. <i>tilvere</i> f.	
<i>tjern</i> n. el. <i>tjørn</i> f.		<i>tjern</i> n. el. <i>tjørn</i> f.	
<i>trikin</i> m. el. <i>trikine</i> f.	<i>trikine</i> f.	<i>trikin</i> m.	Bm. har berre <i>trikin</i> m.
<i>trug</i> m. el. <i>truge</i> f.	<i>trug</i> m.	<i>truge</i> f.	Ingen døme på <i>trug</i> , <i>trugar</i> ; 11 døme på <i>truger</i> .
<i>trøf</i> ; el. <i>trø</i> el. <i>trøde</i> n. (kve)		<i>trøf</i> ; el. <i>trø</i> el. <i>trøde</i> n. (kve)	
<i>vagg</i> m. el. <i>vagge</i> f. (tippvogn)		<i>vagg</i> m. el. <i>vagge</i> f. (tippvogn)	
<i>vagl</i> el. <i>vagle</i> m. el. n.		<i>vagl</i> el. <i>vagle</i> m. el. n.	
- <i>vere</i> f. el. - <i>være</i> n. (mellom-)		- <i>vere</i> f. el. - <i>være</i> n. (mellom-)	Jf. <i>samvær</i> , <i>nærvær</i>
<i>verft</i> n. el. <i>verv</i> m. (skips-)		<i>verft</i> n. el. <i>verv</i> m.	Også bm. har <i>verv</i> m. Berre treff hjå Heggland i Dnt.

Framlegg til førebels vedtak om nokre substantiv med nesten lik form, men ulikt kjønn:

<b>Dagens rettskriving:</b>	<b>Desse formene går ut:</b>	<b>Desse formene blir ståande i ny rettskriving:</b>
<i>blekksprut</i> m. el. <i>blekksprute</i> f.	<i>blekksprute</i> f.	<i>blekksprut</i> m.
<i>kleppfisk</i> el. <i>klippfisk</i> m.	<i>kleppfisk</i>	<i>klippfisk</i> m.
<i>krydde</i> f.; el. <i>krydd</i> el. <i>krydder</i> n.	<i>krydde</i> f. el. <i>krydd</i> n.	<i>krydder</i> n.
<i>muskedunder</i> m. el. <i>muskedundre</i> f.	<i>muskedundre</i> f.	<i>muskedunder</i> m.
<i>mynd</i> f. el. <i>mynde</i> n.	<i>mynd</i> f.	<i>mynde</i> n.
<i>trikin</i> m. el. <i>trikine</i> f.	<i>trikine</i> f.	<i>trikin</i> m.
<i>trug</i> m. el. <i>truge</i> f.	<i>trug</i> m.	<i>truge</i> f.

---

SUBSTANTIV PÅ *-SEL/-SLE*

---

Ein del ord på *-sel* eller *-sle* er hokjønnsord, og har berre ei form i bunden form og i fleirtal. Men ein del ord med suffikset *-sel/-sle* har ei alternativ bøyning.

1 Hokjønnsord	Merknad
<i>blygsel</i> el. <i>blygsle</i> – blygsla	<i>Blygsle, blygsla</i> 6 treff, <i>blygsel</i> 40 treff.
<i>drygsel</i> el. <i>drygsle</i> – drygsla	
<i>ferdsel</i> el. <i>ferdsle</i> – ferdsla	120 døme på <i>ferdsle</i> , 60 døme på <i>ferdsla</i> , svært mange på <i>ferdsel</i> , helst utan artikkel. 18 døme på <i>ferdselen</i> , som ikkje er tillaten form i dag.
<i>hørsel</i> el. <i>høyrsel</i> el. <i>hørsle</i> el. <i>høyrse</i> – hørsla el. <i>høyrsla</i>	<i>Hørsel</i> og <i>hørsle</i> er føreslått ut. Det er 60 treff på <i>hørsel/hørsel</i> , og 33 på <i>høyrse/hørsle</i> . <i>Hørsla/høyrsla</i> : 60 døme. <i>Hørselen/hørselen</i> , som ikkje er tillaten i dag: 31 døme.
<i>kveiksel</i> el. <i>kveiksle</i> – kveiksla	
<i>pløgsel</i> el. <i>pløgsle</i> – pløgsla	
<i>skirsel</i> el. <i>skirle</i> – skirsla – skirslar – skirslene	
<i>trenghsel</i> el. <i>trenghse</i> – trenghsla – trenghslar – trenghslene	<i>Trenghse</i> 5 døme, <i>trenghsla</i> 10. <i>trenghsel</i> 100 døme, <i>trenghselen</i> (ikkje tillaten i dag) 32 døme.
<i>tyngsel</i> el. <i>tyngse</i> – tyngsla – tyngslar – tyngslene	5 døme på <i>tyngsel</i> , 45 døme på <i>tyngse</i> . Ingen døme på <i>*tyngselen</i> .
<b>2 Hankjønns- eller hokjønnsord</b>	
<i>førsel</i> – førselen – førslar – førslane; el. <i>førsle</i> – førsla – førslar – førslene	
<i>kjørse</i> – kjørselen – kjørslar – kjørslane; el. <i>kjørsel</i> – kjørselen – kjørslar – kjørslane; <i>kjørse/kjorse</i> – kjørsla – kjørslar – kjørslene; el. <i>kjørsel/kjorse</i> – kjørsla – kjørslar – kjørslene	<i>Kjørse</i> og <i>kjorse</i> er føreslått ut av rettskrivinga.
<i>lengsel</i> – lengselen – lengslar – lengslane; el. <i>lengse</i> – lengsla – lengslar – lengslene	
<i>redsel</i> – redselen – redslar – redslane; el. <i>redsle</i> – redsla – redslar – redslene	
<i>vigsel</i> – vigselen – vigslar – vigsane; el. <i>vigse</i> – vigsla – vigsler – vigsene	
<b>3 Hokjønns- eller inkjekjønnsord</b>	
<i>hengsel</i> hengsla – hengslar – hengslene; el. <i>hengselet</i> el. <i>hengslet</i> – hengsel – hengsla; el. <i>hengse</i> – hengsla – hengslar – hengslene; el. <i>hengslet</i> – hengsel – hengsla	Dette ordet bør kunna forenklast, til dømes slik at det går parallelt med <i>stengsel</i> .
<i>skremsel</i> skremselet el. <i>skremselet</i> – skremsel – skremsla; el. <i>skremse</i> – skremsla – skremslar – skremslene	
<i>stengsel</i> stengselet el. <i>stengslet</i> – stengsel – stengsla; el. <i>stengse</i> – stengsla – stengslar – stengslene	

## Vurdering

Nokre av bøyningane her er svært kompliserte, som *kjørsele/køyrsele/kjørsele/køyrsele* og *hengsele/hengsele*. Men det er neppe noka hjelp i å ta bort det eine alternativet når det gjeld kjønn.

Suffikset *-sele* er heilt klart eit hokjønnssuffiks. Det er nok ganske vanleg å oppfatta suffikset *-sele* som eit hankjønnssuffiks (ev. inkjekjønn), men det blir altså oppfatta som hokjønnssuffiks i mange dialektar. Fleire av orda ovanfor som i dag har berre hokjønnsbøying, blir som me ser, ofte bøygd som hankjønnord. Det synest rimeleg at dei går over i kategori 2. Spørsmålet er om suffikset *-sele* stort sett blir brukt berre som hankjønnssuffiks, og kan gå over til å bli bøygd berre som hankjønnord. Nynorskorpuset gir mange treff på til dømes *høyrsele*, men det går sjeldan fram av setninga om det blir oppfatta som hankjønn eller hokjønn, fordi det ofte står utan artikkel eller andre bestemmarord.

### Framlegg til førebels vedtak om ord på *-sele/-sele*:

Substantiv med suffikset *-sele/-sele* skal ha same bøyging som *før*, med unntak av desse orda:

<b>Gjeldande rettskriving</b>	<b>Framlegg til ny rettskriving</b>
